



Bil, Båt og Fritid
v/ Christian Ringheim
Galteråsen 6
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/22875

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2014

Søknad om tilskot til bedriftsutvikling-/etablering for Bil, Båt og Fritid

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Rådmann tilrår å støtte søknaden frå Bil, Båt og Fritid – og ynskjer lykke til med bedriftsetableringa og vidare utvikling i kommunen.

Rådmannen tilrår å støtta søknaden med 35.000kr, noko som er cirka 35% av samla totalkostnad for prosjektet.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dokument i saka:

- Søknad frå Bil, Båt og Fritid
- Budsjett 2015 frå Bil, Båt og Fritid
- Firmattest frå Bil, Båt og Fritid
- Årsrekneskap 2013 frå Bil, Båt og Fritid

Saksopplysningar/vurdering:

Bil, Båt og Fritid er ei nyetablert verksemd i Lindås kommune. Dei har fått seg lokaler i Galteråsen næringsområde. Fram til no har verksemda vert dreven på hobbybasis og i ein annan kommune. Styreleiar og gründer Christian Ringheim har vald å satsa på fulltid med denne verksemda, og skaffe seg lokaler i Lindås kommune. Det synes kommunen er ei positiv satsing, og kommunen har alt hatt fleire møter og god dialog med styreleiar. Her har temaet bl.a. vert skilting til næringsområdet i Galteråsen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Bil, Båt og Fritid skal primært drive med bilimport og sal av bilar, båt og tilhengerar med relatert tilbehør. Målet er å etablere ei sunn verksemd som skal veksa og skapa fleire arbeidsplassar.

Bil, Båt og Fritid leverer ein søknad med kostnadselementer som bør vere på plass før sjølve oppstarten i oktober 2014. Totale kostnader i prosjektet er oppgitt til å vera 99.140 kroner.

I Lindås kommune er det kun ei verksemd som driv med agentur- og importvirksomhet av bilar og båtar (kjelde: Purehelp), og dette er kun organisert som eit enkeltmannsforetak. Det er sjølvsagt fleire aktørar i lokalmarknaden som sel bil, båt, tilhengerar med meir, og som er knytta opp mot andre lignande næringskodar. Men det er få som baserer kjerneaktiviteten til import av alle desse produkta, samla sett i produktlinja. Konkurransesynelementet er difor ikkje vurdert til å vera av særleg ulempe.

Bil, Båt og Fritid har sjølv hatt nokre års drift i annan kommune, og heile tida levert overskudd – til tross for at dette ikkje har vert ei fulltidssatsing. Man må leggja til grunn at omsetnad vil kunne auka med ei enno tyngre satsing. Styreleiar og gründer har vidare mange års erfaring frå bil- og båtbransjen, og eit breitt nettverk i bransjen. Det skal difor ligga gode marknadsmessige vurderingar bak dette som ei lønnsom satsing. Budsjettet for 2015 syner også overskudd i fyrste driftsår i Lindås kommune.

Me har gjennomført ein foretaksanalyse av Bil, Båt og Fritid – basert på aktiviteten til no. Virksomhetens driftseffektivitet, herunder virksomhetas evne til å forvalta eigne balanseverdiar, skapa likviditet m.m. – gir ein god driftscore. Total bankscore, som fortel noko om kva finansieringsevne virksomheta har, er også god. Virksomheta har tilgjengeleg egenkapital til denne satsinga.

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jorunn K Fosse

Mottakarar:

Bil, Båt og Fritid

Galteråsen 6

5916

ISDALSTØ